

Fra: Einar Aalen Hunsager

Sendt: 02.04.2014 09:54:48

Til: Beate Bergsholm Lindgård

Kopi: Per Hjalmar Svae; Janne Værnø; Mona Haugland Hellesnes; Bjarte Brask Eriksen

Emne: Utkast til medieoppslag om utbygging av ladeinfrastruktur for elbilar

Vedlegg: image001.png;image002.jpg;image003.png;image004.png;Hurtiglading Hordaland 2014.jpg

Hei Beate, Klima- og naturressursseksjonen har førebudd informasjon for ei mediesak på elbil-satsinga til HFK. Sjå nedanfor! Eg kjem opp til deg for å føreslå vidare strategi.

Storstilt elbilsatsing

Elbilar og plug-in-hybridbilar er ein nøkkel til utsleppskutt i transportsektoren, både for klimagassar og bylufta. I 2014 skal det investerast 14 millionar i infrastruktur for elbilar i Hordaland. Det er like mykje som alle tidlegare år til saman.

Dette skjer i 2014

- Oppgradering av hurtigladestasjonane i fylket slik at alle elbiltypar kan lade.
- 4 nye hurtigladestasjonar opnar før påske: Norheimsund, Eidfjord, Etne og Rosendal.
- 4 nye hurtigladestasjonar opnar etter sommarferien; Straume, Romarheim, Odda og Amfi Voss.
- 6 nye hurtigladestasjonar skal etablerast, om ein får lokal medfinansiering: Mongstad, Trengereid, Røldal, Maurset, Vinje og Eikelandsosen.
- 1,5 millionar i tilskot til normalladestasjonar i kommunar og burettslag/bustadsameige.
- Køfri hurtigladestasjon til 8,6 millionar for alle elbiltypar ved Danmarks plass. Her skal det også kome fyllestasjon for hydrogenbilar i 2015.

Storstilt spleiselag

Fylkestinget løyva på eiga initiativ 5 mill. ekstra til elbilinfrastruktur i 2014. Bergen kommune bidreg med 3,5 mill. og BKK med 1 mill. til køfri ladestasjon på Danmarks plass. Resten av finansieringa er planlagt å kome gjennom 2,5 mill. i støtte frå Transnova samt lokal medfinansiering frå kraftlag, kommunar og private verksemdar.

Tilskotsordninga til normalladestasjonar skal stimulere kommunar til å få ladepunkt i kommunesenteret og lokalsentra. Og den skal stimulere burettslag og bustadssameige til å legge til rette for medlemmane deira.

20 % elbilar i mars

I mars var 20 % av elbilsalet i Noreg elbilar, nesten dobling frå dei to føregåande månadene. Ved årsskiftet var det 1 % ladbare bilar i Hordaland og det ligg an til å bli 2 % i løpet av året. I Hordaland er det no 3 313 ladbare bilar, og salsveksten større enn i Oslo-området og landsgjennomsnittet. Fortsetter dagens sal, kan ladbare bilar utgjere meir enn 7 % av bilparken i Hordaland i 2020.

Elbil egna i heile fylket

I kvardagen rekk det med normallading heime eller mens ein jobbar. Målet er at alle kommunesentra og viktige lokalsentra i fylket skal ha normallading i løpet av 2014.

Med hurtigladestasjonane som kjem i 2014 kan ein køyre elbil i heile fylket om lag som ein vanleg bil. På langtur er rytmen om lag ein time køyring, hurtiglading i 15 minutt, og slik vidare. Det er også allereie eit nett av hurtigladestasjonar til Stavanger og til Oslo over Rv7. Nordover frå Sognefjorden blir nettet bygd i løpet av året. Etter planen skal E 134 Haukelifjell også bli elbilveg i 2014.

Venleg helsing

Einar Aalen Hunsager

Rådgjevar, miljø
Regionalavdelinga | Klima og naturressursseksjonen



Tenk miljø – La
vere å skrive ut?



Tlf: 55 23 93 22
www.hordaland.no